

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 23.09.2019
SAKSHANDSAMAR: Tom Guldhav
SAKA GJELD: **Plan for prehospitale tenester i Helse Førde - høyringsutkast**

ARKIVSAK: 2017/1169
STYRESAK: **074/2019**

STYREMØTE: **26.09.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner høyringsutkast til plan for prehospitale tenester med dei merknader som har kome fram i møtet.
2. Styret ber administrerande direktør sende utkastet på høyring til kommunar, legevakter og andre interessentar.
3. Planen skal leggest fram for styret til godkjenning i desember 2019.

Oppsummering

Ei breitt samansett prosjektgruppe har utarbeidd utkast til plan for dei prehospitale tenestene i Helse Førde. Planen skal ut på høyring etter gjennomgåing i styret. Endeleg vedtak er planlagt i desember 2019.

Fakta

Føremålet med prosjektet er å sikre innbyggjarane i Sogn og Fjordane gode prehospitale tenester, og leggje til rette for eit vidare godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda.

Prosjektet er delt inn i tre fasar:

- Fase 1 (haust 2017-vår 2018): Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premissar og rammevilkår. Forankring/høyring.
- Fase 2 (haust 2018 – haust 2019): Detaljering av modellar.
- Fase 3 (2020-(18-36 mnd.): Implementering av vald modell.

Hovudmåla i alle fasane er:

1. Tilrå og setje i verk ei løysing for dei prehospitale tenestene til Helse Førde HF knytt opp mot dei faglege og regulatoriske føringane som ligg til grunn for det prehospitale tenesteområdet og dei økonomiske rammene som gjeld for helseføretaket. Prosjektet skal vidare avklare kva driftsform som best oppfyller mål og føremål. Dette arbeidet inkluderer ei vurdering av lokalisering, flåtestyring, utstyr, bemanning og kompetanse.
2. Gjennomgå, konkretisere, tilrå og operasjonalisere framtidig ansvar, samarbeid, organisering og samhandling mellom Helse Førde HF og kommunane i den akuttmedisinske kjeda, i tråd med akuttmedisinforskrifta (2015).
3. Gjennomgå, konkretisere, tilrå og operasjonalisere det framtidige pasientforløpet mellom helseføretaket sine prehospitale tenester og kliniske avdelingar i Helse Førde HF.

Sluttrapport for fase 1 vart godkjent i sak 055/2018 i styret i Helse Førde i juni 2018, og fase 2 vart sett i gang hausten 2018 med desse måla:

1. Avklare og konkretisere samhandling mellom helseføretak og kommunar for dei prehospitale tenestene.
2. Avklare og konkretisere samhandlinga mellom dei prehospitale og hospitale tenestene i Helse Førde.
3. Tilrå struktur og organisering for bil- og båtambulansetenesta, inklusive driftsmodell.

4. Tilrå kva bemanningsmodell som skal vere gjeldande i bil- og båtambulansenesta.
5. Avklare korleis kontinuerleg kompetanseutvikling skal ivaretakast.
6. Vurdere behov for og nytte av teknologi og innovative løysingar i dei prehospitale tenestene.
7. Vurdere og tilrå kva styringsinformasjon som trengst i drifta av tenestene, for løpande tilpassing av tenesta og for å betre samhandlinga.

Mandatet for arbeidet er lagt ved denne saka. Prosjektgruppa har vore sett saman av leiarar, tillitsvalde, verneteneste og andre tilsette i Helse Førde, brukarrepresentant og representantar for kommunane i fylket. Til saman har det vore halde ni prosjektmøte sidan november 2018. Styret har jamleg vore orientert om framdrifta i planarbeidet, og det har vore gjennomført om lag 30 møte i ulike forum utanfor føretaket. Prosjektet har også hatt eitt møte med referansegruppa i denne fasen.

Det har vore nytta ekstern ressurs for å simulere ulike scenario undervegs i prosessen. Dette er gjort greie for i eige vedlegg.

Kommentarar

I arbeidet med planen har det frå administrerande direktørs side vore understreka at det er nødvendig å ta omsyn til mange forhold. Teknologien er i stadig utvikling og gir nye mogelegheiter. Kompetansen skal haldast ved like, men også aukast i samsvar med nye krav til kvalitet. Dei tilsette skal ha arbeidsvilkår og arbeidstidsordningar i samsvar med lov- og avtaleverk. Samhandlinga mellom dei prehospitale og dei hospitale tenestene, og mellom desse og andre aktørar, skal fungere så optimalt som råd. Ressursane i tenesta skal ha ein struktur, og ei styring, som samla sett gir eit best mogeleg resultat med omsyn til responstider og opplevd tryggleik. Og alle desse forholda skal balansere opp mot dei totale ressursane som er stilt til rådvelde.

Administrerande direktør ønskjer å understreke at prehospital plan handlar om tenester som er svært viktige for innbyggjarane i Sogn og Fjordane, og det har vore sentralt å sikre så brei involvering som råd i arbeidet. Det har også vore vektlagt i prosessmåla til prosjektet:

- A. Etablere eit prosjekt som har ei tydeleg leiing, som i starten av prosjektet avklarar forventingar til prosjektdeltakarane og som har klare spelereglar for korleis usemje i prosjektgruppa skal handterast.
- B. Sikre ei god plattform for open og tillitsfull dialog med kommunane i fylket, slik at Helse Førde HF og kommunane kan einast om primære ansvarsområde i den akuttmedisinske kjeda.
- C. Sikre jamn og god kommunikasjon til tilsette, kommunar, eigar og befolkninga i fylket elles.
- D. Sikre involvering frå brukarar og innspel frå innbyggjarar elles.

Den utoverretta kommunikasjonen har vore omfattande i denne fasen, og planarbeidet går no inn i ein viktig høyringsfase. Administrerande direktør er oppteken av at kommunar og andre interessentar skal få høve til å stille spørsmål og kome med merknader til utkastet som blir sendt på høyring.

Konklusjon

Administrerande direktør meiner høyringsutkastet svarar ut mandatet for fase 2 i prosjekt prehospital tenester, og vert sendt på høyring etter handsaming i styret.

Vedlegg:

1. Høyringsutkast Prehospital plan – fase 2
2. Vedlegg til rapport 1 Struktur og organisering for bil- og båtambulansetenesta
3. Vedlegg til rapport 2 Simuleringsverktøy
4. Vedlegg til rapport 3 Mandat prehospital plan fase 2
5. Vedlegg til rapport 4 Interessentanalyse
6. Vedlegg til rapport 5 Kommunikasjonslogg
7. Vedlegg til rapport 6 Ros analyse av prosjekt prehospital plan fase 2